



Amalia Høydal
Tveitevegen 40
5966 EIVINDVIK

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/5754 - 21/68475

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
14.10.2021

Fortsatt mangler ved søknaden - gbnr 465/11 minihus Frotaule

Tiltak: minihus
Byggjestad: Gbnr: 465/11
Tiltakshavar: Amalia Høydal
Ansvarleg søkjar:

Kommunen syner til melding om tiltak utan søknadsplikt motteke 18.06.2021 og etterfylgjande førespurnad om komplettering av brev datert 08.09.21. Du har svart i brevet datert 10.10.21, mottatt 11.10.21.

Meldinga har framleis manglar og vert ikkje registrert før kommunen har motteke supplerande dokumentasjon.

1. For søknad om oppføring av bustad er det krav om ansvarleg søkjar. Ansvarleg søkjar /føretak sender då inn erklæringar om ansvarsrettar for alle ansvarsområder. Du skrivar at byggmeister Seerup skal sende inn erklæring om ansvarsrettar, men heile søknaden etter PBL §20-1 skal sendast av sakskyndig. Alle ansvarsområder skal dekkast med ansvar jf. PBL § 20-3. Gjennomføringsplan skal utarbeidast.
2. Det er naudsynt med vedtak frå Vestland Fylkeskommune knytt til avkøyring frå fylkeskommunal veg. Det ligg føre førehandsuttale datert 08.09.21, men for å handsama saka som eitt-trinnsøknad skal det liggje føre løyve for avkøyrsløse.
3. Vegen inn til bustaden skal takast med i byggesøknad med ansvarsrettar. Det skal sendast profil og snitt-teikningar på veg.
4. Du har søkt om utsleppsløyve via slamfilter. Miljø- og tilsyn avd. skal ta stode til utsleppssøknaden. Utslepp skal nabovarslast, det skal liggje føre situasjonskart som viser plassering av utsleppsanlegg og VA-leidningar. Slamfilter for gråvatn kan ikkje godkjennast for heilårsbustad, då vatn skal vere innlagt og det skal monterast vassklosett i bustaden. Røyrleggjarfirma skal ha ansvarsrettar for prosjektering/utføring av utslepp og VA-installasjonar og hjelpe deg med utforming av utsleppssøknaden.

5. Teikningar på bustad må tilfredsstillere krav i TEK - teknisk forskrift. Evt. må det søkjast om dispensasjon frå krava med grunngeving.
6. Det skal sendast profil og snitt-teikningar på plassering av bustad med omsyn til eksisterande terreng og på vegutforming.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.11.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Amalia Høydal

Tveitevegen 40

5966

EIVINDVIK